

# ÅRSMELDING 2014

## KLIVRELAGET

---



### Styret 2014

Leiar:	Olve Havåg
Nestleiar:	Iselin Falk
Styremedlemmar:	Magnus Enerhaug, Børre Waagan, Birgitte Grimstad og Gunn Hofset
Varamedlemmar:	Bjørn Sande og Irina Sævik
Revisorar:	Kristin Nyttun Moldskred og Elin Vedvik
Valkomite:	Kristin Eikrem Havåg og Jon Kåre Myrvågnes. Cecilie Brungot (vara til valkomite)

### Styret sine aktivitetar

- Det har blitt holdt 5 styremøter der 20 saker har blitt behandla.
- Styret har brukt mykje tid på endring av rutinar for bruk av klatreveggen, og strukturering av klubb-økonomi.
- Styret brukte vårsemesteret på å kartlegge kva klubben måtte endre på for å kunne melde seg inn i NKF/NIF. Representant frå NIF var på besøk og greidde ut kva krav NIF stiller til medlemsklubbar. Desse krava vart tatt med i det vidare arbeidet med å få klubben i posisjon for å melde seg inn i NIF/NKF. Styret har i løpet av 2014 konkludert med at det ikkje er realistisk at klubben kan oppfylle krava til NIF og at klubben ikkje vil søkje om medlemskap i NIF det komande året. Det er meir teneleg for klubben å bruke dei personlege ressursane i styret/klubben til å bygge eit godt miljø for innandørs og utandørs klatreaktivitet, og å tilrettelegge for at flest mogleg får tilgang til inneklatring og uteklatring i nærområdet. Trass i at det er valgt å ikkje søke om medlemskap i NKF har prosessen vore nyttig og både klubbøkonomi, regelverk og drift av klatreveggen er ryddigare no en ved inngangen av 2014. Når dette er sagt betyr ikkje dette at me utelukkar medlemskap i NIF/NKF. Tvert imot er det særskjeleg å vere medlem, men det fordrar at klubben har betre kontroll på organiseringa og økonomien.
- Det vart også brukt noko tid på å tilby medlemene jakke og skjorte med Klivrelagslogo. Ca 20 personar ville ha jakke og/eller t-skjorte.
- Det vart også arrangert tre kurs på hausten. (sjå eige pkt. seinare i beretninga)



## klubbaktivitetar

### Medlemsinformasjon:

- Antal medlemar i 2014:

Damer	37
Menn	40



### Klatreveggen:

- Det har vore åpent med vakt tilstades tre dagar i veka frå januar til mai. Etter oppstart for hausten var det litt få vakter og dermed var det berre to dagar som var åpent.

Torsdag har vore reservert for dameklatring.

Det har vore jamnt godt besøk desse dagane.

- Antal loggførte besøk i klatreveggen i 2014 (\*)

Damer:	≈ 500
Menn:	≈ 1000
Medlemar:	≈ 1200
Drop in:	≈ 300

(\*sidan det er besøksprotokollen som er grunnlag for desse tala, og det varierar Kor flinke folk er å skrive seg inn, so er desse tala ikkje nøyaktige)

- Klatreveggen vart utleigd til diverse lag og organisasjonar iløpet av året. Om lag 30 dagar var klatreveggen utleigd delar av dagen. Klivrelaget har hatt avtale med Ulstein Vidaregåande skule og Ulstein Ungdomsskule om bruk av klatreveggen i undervisning på skulane. Utanom dette er det privatpersonar og bedrifter som har leigd klatreveggen. Klivrelaget har stilt med instruktør dei dagane dette har vore ynskjeleg frå leigetakar.
- Det har ellers blitt skrudd ein del nye ruter, frå heilt lett(barn) til ruter som ligg på 7-talet. Ein god del av dei rutene som er i klatreveggen no byrjar å verta ganske gamle og fornying må vere eit mål det komande året. Det er stadig fleire i klubben som bidreg med å skru nye ruter og dette er veldig positivt for dei som brukar klatreveggen.
- Utstyret som er til utlån har vorte fornya litt etter litt. Tau vert bytta ca ein gang i halvåret.
- Før åpning av klatreveggen for haustsesongen vart det gjordt nokon endringar i rutiner og reglar for bruk av klatreveggen. Låsen i inngangsdøra vart bytta ut med ny for å få kontroll på kven som har tilgang til klatreveggen. (Ved inngangen av 2014 hadde klubben ca 50 registrerte medlemar, og det var produsert mellom 100 og 150 nøkkjar til inngangsdøra. Berre om lag 20 av dei som hadde nøkkel var medlemar !! ) Prisen for å leige nøkkel vart sett opp til 500 kr, der 300 kr er depositum. Det vart også innført at Brattkort skal vere eit krav for å få nøkkel. Dette vart gjordt for å sikre at den som brukar klatreveggen har dei nødvendige kunnskapane for å sikre og klatre sikkert.



#### Kurs:

- Hausten 2012 fekk me utdanna 5 instruktørar til innføringskurs inne og gjennomføring av Brattkort test. tre av desse har ikkje vore aktive i Klivrelaget gjeldande år av forskjellige årsaker.  
Dermed fell kurs i klubbregi på to personar – noko som begrensar mulighetene noko. Det har likevel vorte gjennomført tre nybyrjarkurs i løpet av hausten 2014. Det var totalt 17 deltakarar på desse kursa og alle deltakarane gjennomførte og bestod brattkort test i etterkant av kurset. Etter som det var dalande interesse for kursa utover hausten so tolka styret det dit at behovet var «metta» for ei stund.
- Det vart utstedt om lag 20 brattkort frå «klubben» sine instruktørar.

#### Uteaktivitet:

- Det har ikkje vore mange turar i klubbregi dette året. Nokre turar vart arrangert tidleg på sesongen (vår) men begrensa interesse reduserte arrangementslysta noko.
- Det har vore ein del aktivitet på Facebook-gruppa til klivrelaget der klatrarar har annonsert turar fjern og nært slik at interesserte har fått mulighet til å vere med.

#### Økonomi:

Klivrelaget har i alle år hatt ein sunn økonomi som har dekt behova som har vore tilstades for drift av klatreveggen og felta utandørs i nærområdet.

Vi har ei begrensa medlemsmasse og har hatt forholdsmessig lave avgifter for medlemmane samanlikna med andre idrettar og kva vi tilbyr medlemmane.

Dette ser vi er mogleg grunna beskjedne utgifter både på leige av lokale til klatreveggen og utstyr som er nødvendig for drifta av både klatreveggen og klatrefelta ute.

I året som har gått har styret gjort ein del endringar i prosedyrer og reglar for medlemmar og tilbod til medlemmane.

Av ekstraordinære utgifter kan vi til dømes nemne ny lås i døra i klatreveggen og oppgradering av heimesida til ein meir brukarvenleg versjon.

For å kompensere for dette har vi auka pris for nøkkel. Vi har i tillegg tilbudd innføringskurs for å få opp kompetansen til brukarane av klatreveggen.

Vi ser at dette har slått positivt ut på økonomien til klubben.

Trass i at det var ein del ekstra utgifter både til ny lås, heimeside og andre tilbod so har me det siste året auka både medlemsmassen, omsetninga og resultatet.

Klivrelaget hadde i 2014 eit positivt driftsresultat på om lag kr 57 000,-

Det er grunn til å tru at bytte av lås i døra «tvinga» fram ein del nye innmeldingar i klubben og dermed auka inntekter på dette. Det er også stor interesse blant medlemmane for å ha eigen nøkkel til klatreveggen, noko som også gir litt inntekter til klubben.

Samtidig viser årets resultat at det er viktig at vi følger opp både betaling av medlemskontingent og andre deler av økonomien nøye.

Vi ser av dette at vi har eit godt grunnlag for å kunne drifte klubben vidare – sett med hensyn på økonomien og medlemsmasse.

For detaljar i økonomien viser vi til rekneskapet for Klivrelaget.



## **Vegen vidare**

No når vi kan anta at Arena Ulstein vert realisert bør vi tenke på korleis vi evt. vil drifte klatreveggen når den vert beliggande i forbindelse med eit offentleg idrettsanlegg, og i mykje større grad synleg og tilgjengeleg for folk flest.

Detaljane med tanke på drifting av ein eventuell ny klatrevegg er ikkje fastsette enno og ingen avtale er gjordt med Kommuna – som vert eigar av anlegget - men det er nærliggande å tru at Klivrelaget vert involvert (meir eller mindre) i dette arbeidet.

Det var ei målsetning frå førre årsmøte at me skulle vere klare til å melde oss inn i NKF og sjølv om desse planane er lagde på is bør det vere ei målsetning for styret at drifta av klubben vert betre for kvart år.